

Protokoll

Studenttingsmøte 3

Studenttinget på Vestlandet

Bergen, 5.- 7.mai 2017

5/5-2017 Fredrik Skjenssen

Dato, Namn

7/5.2017 Terbjørn Tuit

Dato, Namn



## Innhold

ST 35/17 – Møtekonstituering.....	6
1. Val av ordstyrar.....	6
2. Val av protokollfører.....	6
3. Valg av protokollunderskrivarar .....	7
4. Godkjenning av innkalling.....	7
5. Oppmelding av eventuelt .....	7
6. Godkjenning av sakliste .....	8
7. Godkjenning av dagsorden .....	8
ST 36/17 – Orienteringar .....	9
ST 37/17 – Endring av vedtekter .....	9
ST 38/17 – Endring av valreglement.....	18
ST 39/17 – Endring av økonomireglement.....	26
ST 40/17 – Tildelingsreglement for region nord og sør.....	28
ST 41/17 – Fondsstyret.....	29
ST 42/17 – Internasjonal plattform .....	32
ST 43/17 – Val til ulike råd og utvalg .....	34
1. Val til Høgskolestyret.....	34
2. Val til regionrådene .....	35
2. Val til Fondsstyret (gjekk ut i og med eit forslag om Fondsstyre fall) .....	35
3. Val til Læringsmiljøutvalet .....	35
4. Val til Skikkanemnda.....	36
5. Val til Klagenemnda .....	36
6. Observatørplass Saman styret region Nord .....	37
ST 44/17 – Val til Arbeidsutvalet .....	37
1. Val av leiar for Arbeidsutvalet 2017/2018.....	37
2. Val av medlemmar til Arbeidsutvalet 2017/2018 .....	37
ST 45/17 – Skule-ring til masterstudentane i brannsjikkerhet.....	38
ST 46/17 – Medlemskap i NSO .....	38
ST 47/17 – Medlemskap i SAIH.....	39
ST 48/17 – Møteplan for hausten 2017.....	40
ST 49/17 – Automatisk grunngjeving på eksamen (diskusjonssak).....	41
ST 50/17 – Fullmakt .....	41
ST 51/17 – Memorandum of understanding.....	41

ST 52/17 – Studentdeltaking ved tilsetjingsprosesser (diskusjonssak) .....	42
ST 53/17 – Eventuelt .....	42
ST 52/17 – Møteevaluering .....	43

**Stemmeberettiga tilstades på møtet 5.mai:**

Kjersti Hatlestad (Bergen), Camilla Tønsberg (Bergen), Torbjørn Tveit (Bergen), Jonas Dahl (Bergen), Pia Lilleskare Lunde (Bergen), Bjørn Olav Østeby (Bergen), Ane Kine Nyhagen (Bergen), Bettina Strand (Bergen), Sondre Riisøen (Bergen), Sjur Herheim (Bergen), Ellisiv Førde Holmstrøm (Bergen), Kristine Franzen (Bergen), Kevin Mariadasan (Bergen), Charlotte Havneraas (Førde), Marion Kristine Gustavsén (Sogndal), Linda Leirpoll (Sogndal), Joakim Fossheim (Sogndal), Marie Eikemo Larsen (Sogndal), Ingrid Moe Albrigtsen (Sogndal), Cecilie Fredheim (Stord), Margrete Lauksund (Haugesund), Fredrik Sørensen (Stord) , Andreas Arnesen (Haugesund) , Bjørn Andre Bekkevold (Haugesund), Tom Lund-Andersen (Haugesund), Andri Fridjonsson (Haugesund).

Kristoffer Frøyen (vara, Sogndal)

**Stemmeberettiga tilstades på møtet 6.mai:**

Kjersti Halvorsen (Bergen), Hanne Longva, (Bergen), Marie Eikemo Larsen (Sogndal), Charlotte Havneraas (Førde), Sondre Riisøen (Bergen), Ellisiv Førde (Bergen), Pia Lilleskare (Bergen), Camilla Tønsberg (Bergen), Bjørn Olav Østeby (Bergen), Ane Kine Nyhagen (Bergen), Kevin Mariadasan (Bergen), Joakim Fossheim (Sogndal), Jonas Dahl (Bergen), Ingrid Moe Albrigtsen (Sogndal), Marion Gustavsén (Sogndal) Linda Leirpoll (Sogndal), Torbjørn Tveit (Bergen), Sjur Herheim (Bergen), Andri Fridjonsson (Haugesund), Fredrik Sørensen (Stord), Tom Lund Andersen (Haugesund), Bjørn Andre Bekkevold (Haugesund), Andreas Arnesen (Haugesund), Cecilie Fredheim (Stord) Margrete Lauksund (Haugesund), Torbjørn Smith (Bergen, gjekk kl 14.00 og bytta med Bettina Vik som kom inn kl 15.00).

Kristoffer Frøyen (vara, Sogndal) Herman Kranstad (vara, Haugesund), Kristine Franzen (vara Bergen)og Bettina Strand (vara, Bergen).

## ST 35/17 – Møtekonstituering

### 1. Val av ordstyrar

#### **Innstilling:**

Det førelåg inga innstilling til dette valet

#### **Førehandsinnmelde kandidatar:**

Det var ingen førehandsinnmelde kandidatar

#### **Kandidatar melde i møtet:**

Linnea Reitan Jensen

Linnea Reitan Jensen vart vald ved akklamasjon.

### 2. Val av protokollførar

#### **Innstilling:**

Det førelåg inga innstilling i denne saka

#### **Førehandsinnmelde kandidatar:**

Det var ingen førehandsinnmelde kandidatar

#### **Kandidatar melde i møtet:**

Christian Vik

Christian Vik vart vald ved akklamasjon

### 3. Valg av protokollunderskrivarar

#### Innstilling:

Det førelåg inga innstilling til dette valet

#### Førehandsinnmelde kandidatar:

Det var ingen førehandsinnmelde kandidatar

#### Kandidatar melde i møtet:

Torbjørn Tveit (Bergen) og Fredrik Sørensen (Stord) blei valde ved akklamasjon

### 4. Godkjenning av innkalling

Kommentarar til innkallinga:

- For sein innkalling
- Var ikkje sett opp møterom.
- Vedtakssaka hadde feil nummerering som gjorde det vanskeleg å forstå.
- Informasjon om kvar, korleis og om program for kvelden laurdag kom ut i siste liten.
- AU vart også utfordra på kvifor ein la møtet til Bergen istaden for Haugesund.
- ST 34/17 må vere ST 54/17. Møtekritikk. Nummer retta opp, og vart endra til møteevaluering etter forslag frå Marie Eikemo Larsen og votering, med fleirtal for.

Kommentarane vert tekne med til orientering.

#### Forslag til vedtak:

Innkallinga vert godkjend

Innkallinga vart godkjend

### 5. Oppmelding av eventuelt

Føreslege å leggje innstillinga frå innstillingskomiteen legge den inn i mellom sak ST 37/17 og ST 38/17:

Vedteken

**Attest til representantane i tinget:**

Føreslege som vedtakssak under eventuelt

Vedteken

**Kontinuitet i studenttinget**

Føreslege som diskusjonssak under eventuelt

Vedteken

**Kvalitet i undervisninga**

Føreslege som diskusjonssak under eventuelt

Vedteken

## **6. Godkjenning av sakliste**

**Forslag til vedtak:**

Saklista vert godkjend med oppmelde eventuellsaker

Godkjend

## **7. Godkjenning av dagsorden**

**Forslag til vedtak:**

Forslag til dagsorden vert vedteke

Vedteken



## ST 36/17 – Orienteringar

Arbeidsutvalet ved leiar orienterte med å supplere orienteringane som låg i innkallinga:

Tilføyning: Møte med prorektor og rådgjevar Nina Mønstre om Samarbeidsavtale med HVL og info frå møtet.

- Presiseringar i avtalen vart diskutert i møtet med rektor
- Rammebevilgning – økonomi

Spørsmål ift pratemøte som er gjort med alle tingsmedlemmane i Bergen: Er det gjort med alle studentane i tinget?

- Det vart stadfesta at det er gjort med ein og ein i Bergen.

AU vart utfordra på begrunnelse for å reise på ein arbeidskrevjande turne.

- Viktig for å få promotert val. Vise til dei andre studiestadane at ein er tilgjengelege.
- Inntrykk av studiestadane – kan påverke korleis AU skal fronte politikk.

Vil det bli utarbeida rapport frå besøka til dei som skal ta over?

- AU har starta med å skrive rapport, men denne er endå ikkje ferdigstilt.

Orientering frå Høgskulestyret v/ studentrepresentant Sondre Riisøen

- Reisebrev frå Høgskulestyret – motteken med positive tilbakemeldingar
- Byggsituasjon: Prekære behov på fleire campus, men særleg Krohnstad har eit behov. Alle ynskjer meir bygg. Bedt om ei oversikt for å kunne lage prioriteringsliste over kva bygg som må på prioriterast først.

Ingen spørsmål til orienteringane frå representantane frå Høgskulestyret eller Saman.

## ST 37/17 – Endring av vedtekter

Leiar innleia.

På spørsmål om kvifor ikkje innstillinga til endring var ute 2 veker før var konklusjonen at kontrollkomiteen gjorde feil. AU har gjort det dei fekk vite av Kontrollkomiteen var rett.

Overskrifta i sak 8 lyt endrast, den heiter det same som tidlegare. (3.3 Valstyret og innstillingskomite).

AU tek med seg innspela i deira vidare arbeid.

## **Votering:**

### **Forslagsnr: 1 Vedteke**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 136-140

Forslagsstillar: Cecillie Fredheim

Opprinnelig tekst: Der det er behov for eit utvida Regionråd skal dette vere sett saman av det ordinære Regionrådet, samt to representantar frå kvart studentråd i regionen. Representantane frå studentråda bør fortrinnsvis vere leiar og nestleiar. I forkant av møtet skal medlem frå arbeidsutvalet lede eit innstillande møte der representantane frå studentråda skal innstille. Faste representantar i Regionrådet skal gjere vedtak i selve møtet.

Endring: Representantane frå studentråda utgjer eit innstillingsutval. I forkant av møtet skal medlem frå arbeidsutvalet leie eit møte der innstillingsutvalet skal innstille på saker til møtet i det utvida Regionrådet.

Eventuell ny tekst: Der det er behov for eit utvida Regionråd skal dette vere sett saman av det ordinære Regionrådet, samt to representantar frå kvart studentråd i regionen. Representantane frå studentråda bør fortrinnsvis vere leiar og nestleiar. Representantane frå studentråda utgjer eit innstillingsutval. I forkant av møtet skal medlem frå arbeidsutvalet leie eit møte der innstillingsutvalet skal innstille på saker til møtet i det utvida Regionrådet. Faste representantar i Regionrådet skal gjere vedtak i sjølve møtet.

Grunngjeving: Dette forslaget tek utgangspunkt i Øyvind Hatland sitt forslag frå sist møte. Endringa er at eg har bytta ut begrepet budsjettkomite med innstillingsutval og endra litt ordlyd. Endringane eg har gjort på forslaget til Øyvind opnar for at eit utvida Regionråd kan brukast til andre ting enn berre fordeling av semesteravgift, om Studenttinget skulle ha behov for det. Det er også dette som var grunnen til at den paragrafen blei skriven så vid i utgangspunktet.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteken**

**Vedteke**

### **Forslagsnr: 2 Ikkje vedteke**

Redaksjonelt ja

Linjenummer 136-140

Forslagsstillar: Øyvind Hatland

Opprinneleg tekst: Der det er behov for eit utvida Regionråd skal dette vere sett saman av det ordinære Regionrådet, samt to representantar frå kvart studentråd i regionen. Representantane frå studentråda bør fortrinnsvis være leiar og nestleiar. I forkant av møtet skal medlem frå arbeidsutvalet lede eit innstillande møte der representantane frå studentråda skal innstille. Faste representantar i Regionrådet skal gjere vedtak i selve møtet.

Tillegg: som utgjør en budsjettkomité

Eventuell ny tekst: Der det er behov for eit utvida Regionråd skal dette vere sett saman av det ordinære Regionrådet, samt to representantar frå kvart studentråd i regionen som utgjør en budsjettkomité. Representantane frå studentråda bør fortrinnsvis være leiar og nestleiar. I forkant av møtet skal medlem frå arbeidsutvalet lede eit innstillande møte der budsjettkomiteen skal innstille på fordelingen av pengar. Faste representantar i Regionrådet skal gjere vedtak i selve møtet.

Grunngjeving: For å gjøre rollene i det utvidede regionrådet mer klart, har jeg skrevet inn konseptet budsjettkomité. Dette er ikke en endring av arbeidsoppgavene i mine øyne, men en viktig presisering for å synliggjøre at medlemmene fra studentrådene ikke skal være med i selve avgjørelsen, men innstille på hva pengene skal brukes til.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert ikkje vedteke**

**Ikkje vedteke.**

**Forslagnr: 4: Trukket**

Redaksjonelt: Nei

Linjenummer: Ny linje, 305

Forslagsstillar: Øyvind Hatland

Opprinneleg tekst: -

Tillegg: -

Eventuell ny tekst: §6-6 Vedtak Det kan ikke gjøres vedtak i eventuelsaker

Grunngjeving: Å kunne gjøre vedtak i eventuelsaker er svært uheldig, siden det vil være minimal med tid til å sette seg inn i effekten av disse, siden eventuelsaker kan fremmes muntlig på slutten av møtet. Det vil heller ikke være mulig for AU å komme med en innstilling i saken og KK vil ikke få tid til å sjekke om dette strider i mot andre vedtak eller styringsdokumenter

**Arbeidsutvalet si innstilling: Realitetsbehandlast ikke**

**Trukket**

Forslag nr 3 vart sett opp mot mot 3OF:

**Forslagnr: 3 Ikkje vedteke**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 187-189

Forslagsstillar Cecilie Fredheim

Opprinnelig tekst: Frist for å sende inn saker som skal innstillast av arbeidsutvalet er 10 dagar før det aktuelle studenttingsmøtet, dette gjeld ikkje resolusjonar og fråsegner. Øvrige saker kan løftast under handsaming av sakliste på det aktuelle møtet og setjast på saklista med alminneleg fleirtal.

Tillegg: Det er ikkje høve til å gjere vedtak i øvrige saker.

Eventuell ny tekst: Frist for å sende inn saker som skal innstillast av arbeidsutvalet er 10 dagar før det aktuelle studenttingsmøtet, dette gjeld ikkje resolusjonar og fråsegner. Øvrige saker kan løftast under handsaming av sakliste på det aktuelle møtet og setjast på saklista med alminneleg fleirtal. Det er ikkje høve til å gjere vedtak i øvrige saker.

Grunngjeving: Dette forslaget har same intensjon som Øyvind Hatland sitt forslag frå førre møte, men på nynorsk og betre plassert.

**Arbeidsutvalgets innstilling: Vert ikkje vedteke**

**Ikkje vedteke**

**Forslagnr: 3 OF Vedteke**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 187-189

Forslagsstillar AU

Opprinnelig tekst: Frist for å sende inn saker som skal innstillast av arbeidsutvalet er 10 dagar før det aktuelle studenttingsmøtet, dette gjeld ikkje resolusjonar og fråsegner. Øvrige saker kan løftast under handsaming av sakliste på det aktuelle møtet og setjast på saklista med alminneleg fleirtal.

Endring og tillegg: Endring: «Øvrige saker kan løftast under handsaming...» Tillegg: Det er ikkje høve til å gjere vedtak i eventuelsakar.

Eventuell ny tekst: Frist for å sende inn saker som skal innstillast av arbeidsutvalet er 10 dagar før det aktuelle studenttingsmøtet, dette gjeld ikkje resolusjonar og fråsegner. Eventuelsakar kan løftast under handsaming av sakliste på det aktuelle møtet og setjast på saklista med alminneleg fleirtal. Det er ikkje høve til å gjere vedtak i eventuelsakar.

Grunngjeving: Omforent forslag til Cecilie, byttet ut øvrige sakar med eventuelt sakar

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Vedteken**

**Forslag 3OF Inn i vedtektene:**

**Vedteken**

**Forslagnr: 5 Vedteke**

Redaksjonelt Ja

Linjenummer 286-293

Forslagsstillar Cecilie Fredheim

Opprinnelig tekst: (2) Den tillitsvalgte avgjør sjølv om denne er inhabil. Dersom ein part krever det og det kan gjerdes utan vesentleg ulempe, eller den tillitsvalgte sjølv finn grunn til det, skal næraste overordnede avgjere habilitetsspørsmålet. (3) I kollegiale organ treffast avgjerdsla av organet sjølv, utan at vedkommande tillitsvalt deltek. Dersom det i ein og samme sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire tillitsvalte, kan ingen av dei delta ved avgjerdsla av sin egen eller en anna tillitsvalt sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksdyktig i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtande tillitsvalte i organet delta. Habilitetsspørsmål kan overprøvast av studenttinget.

Tillegg: Tillitsvalgt er endra til representant, jamfør vedtak gjort på konstituerande møte. Samt redaksjonell språkvask.

Eventuell ny tekst:(2) Representanten avgjer sjølv om denne er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan bli gjort utan vesentleg ulempe, eller representanten sjølv finn grunn til det, skal næraste overordna avgjere habilitetsspørsmålet. (3) I kollegiale organ treffast avgjersla av organet sjølv, utan at vedkommande representant deltek. Dersom det i ein og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire representantar, kan ingen av dei delta ved avgjersla av sin eigen eller ein anna representant sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksdyktig i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande representantar i organet delta. Habilitetsspørsmål kan overprøvast av Studenttinget.

Grunngjeving: Dette er slik det blei vedtatt på konstituerande møte. Frå protokollen: "Vedtatt med et tillegg: Ordet tillitsvalgt byttes ut med representant". Eg har også gjort litt språkvask, då det opprinnelege forslaget vart skriven på bokmål på konstituerande møte.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Vedteke**

**Forslagnr: 6 Vedteke**

Redaksjonelt Ja

Linjenummer: 1-304

Forslagsstillar Cecilie Fredheim

Opprinnelig tekst: "Studenttinget ved Høgskulen på Vestlandet" og "STHVL"

Endring:

Eventuell ny tekst: "Studenttinget på Vestlandet" og "STVL"

Grunngjeving: Endre navnet gjennomgående i dokumentet. Siden me ikkje heiter Studenttinget ved Høgskulen på Vestlandet

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Vedteke**

**Forslagnr: 7 Vedteke**

Redaksjonelt: Nei

Linjenummer: 247-250

Forslagsstillar Cecilie Fredheim

Opprinnelig tekst: (1) Endring av vedtekter, valreglement, økonomireglement, forretningsorden og mandat for arbeidsutval gjerast ved kvalifisert fleirtal i Studenttinget. Endringa trer i kraft etter at møtet der endringa vert handsama er avslutta, med mindre Studenttinget med kvalifisert fleirtal vedtek at endringa skal tre i kraft på eit anna tidspunkt.

Endring:

Eventuell ny tekst:

Grunngjeving: Eg ynsker å foreslå at hvertfall mine forslag til endringar i vedtekter og valreglement trer i kraft umiddelbart etter at handsaminga er ferdig i møtet. Dette fordi endringane for eksempel kan ha konsekvensar for utrekning av val til AU, då §5-2(5) og §5-3 har ulik framgangsmåte.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

## **Vedteke**

### **Forslagnr: 8 Trukket**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 122-126

Forslagsstillar: Tom Lund-Andersen Bjørn-Andre Bekkevold Andreas Arnesen Morten Nordvik Hovland

Opprinnelig tekst: §3-3 Valstyret og innstillingskomité (1) Studenttinget skal ha eit valstyre. Valstyret si samansetting og deira ansvarsområde er regulert av Valreglement for Studenttinget. (2) Studenttinget skal ha ein innstillingskomité. Innstillingskomitéen si samansetting og deira ansvarsområde er regulert av Valreglement for Studenttinget.

Endring: Stryknings- og endringsforslag

Eventuell ny tekst: §3-3 Valstyret og innstillingskomité Studenttinget skal ha en valgkomite. Valgkomiteen sin sammensetting og deres ansvarsområde er regulert av Valreglement for Studenttinget.

Grunngjeving: Vi mener det ikke er hensiktsmessig å ha et valgstyre og en innstillingskomite. Vi mener at en valgkomite skal ha ansvar for å innstille på AU og for gjennomføringen av valget. Det er et tilstrekkelig antall personer til i Studenttinget som kan være med å rekruttere studenter til de ulike vervene. Ved hjelp fra AU og ved egne initiativ er det fullt mulig å engasjere studenter til å bli interessert i studentdemokrati. Vi mener at en egen gruppe som står for rekruttering er overflødig, da denne funksjonen kan gjennomføres av andre organer. Gjennomføringen av valg er noe valgkomiteen, sammen med kontrollkomiteen, er godt stilt til å gjennomføre på en god måte.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Trukket**

### **Forslagnr: 9 Vedteke**

Redaksjonelt nei

Linjenummer 19-20

Forslagsstillar Kristine Elsa Krokli

Opprinnelig tekst: Med fast representant i Studenttinget forståst ein student som er valt som representant frå ein region i samsvar med Valreglement for Studenttinget.

Tillegg: Faste representantar er medlem i Studenttinget.

Eventuell ny tekst: Med fast representant i Studenttinget forståst ein student som er valt som representant frå ein region i samsvar med Valreglement for Studenttinget. Faste representantar er medlem i Studenttinget.

Grunngjeving: Da vi forsøkte å registrere Studenttinget på Vestlandet i Brønnøysundregistrene fikk vi tilbakemelding om at vi per våre vedtekter ikke kan registreres som lag/forening/innretning, fordi det ikke kommer klart fram av våre vedtekter at vi har medlemmer. Vi er derfor nødt å ha denne spesifiseringen i vedtektene for å kunne registrere Studenttinget i Brønnøysundregistrene.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Vedteke**

**Forslagnr: 10 Vedteke**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 254 - 256

Forslagsstiller Øyvind Hatland

Opprinneleg tekst:

Arbeidsutvalet kan utarbeide nye forslag heilt fram til forslaga skal sendast ut, med innstilling til Stud enttinget to veker før det handsamande møtet.

Endring: Ei veke

Eventuell ny tekst: Arbeidsutvalet kan utarbeide nye forslag heilt fram til forslaga skal sendast ut, med innstilling til Studenttinget ei veke før det handsamande møtet.

Grunngjeving: Innstillingen sendes ut med andregangs innkallingen en uke før møtet, det er derfor ryddig at AU kan gjøre dette. Hvis AU skal ha tid og mulighet til å lage omforente forslag er dette det mest hensiktsmessige.

**Arbeidsutvalgets innstilling: Vert vedteke**

**Vedteke**

**Forslagnr: 11 Vedteke**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 133-134

Forslagsstiller Øyvind Hatland



### Opprinneleg

tekst:Kvar region skal ha eit Regionråd. Regionrådet består av medlemmar av arbeidsutvalet og representantar valt av Studenttinget tilknytta regionen.

Endring: representantar tilknytta regionen, valt av Studenttinget

### Eventuell ny tekst:

Kvar region skal ha eit Regionråd. Regionrådet består av medlemmar av arbeidsutvalet og representantar tilknytta regionen, valt av Studenttinget.

### Begrunning:

Når AU skulle implementere vedtak om regionråd kom det frem en uenighet internt i AU om hvem som skulle velge til regionrådet. Siden dette er en ny ordning og denne paragrafen vil stå i mange år fremover, ser jeg det som mest hensiktsmessig å gjøre en endring for at det skal kunne komme klart frem hva som ønskes av teksten, slik at KK ikke må vurdere dette på nytt gjentatte ganger. Endringen er i mine øyne redaksjonell, men siden det kan være meningsbærende endring har jeg valgt å ikke føre det opp som dette.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Vedteke**

### **Votering**

Korvidt Cecilie Fredheim sine endringar skal tre ikraft umiddelbart, eller om alle endringsforslag skal tre i kraft umiddelbart.

Dei som vil at Cecilie Fredheim sine forslag §3.5 (2) og §6.4 skal tre ikraft umiddelbart

**Votering:**

Fleirtal for

**Vedteke**

(sjå første vedlegg til protokoll – Oversikt over vedtektsendringer som trådte i kraft umiddelbart etter behandling 05.05.2017).

Dei som vil at alle dei andre endringsforslaga skal tre i kraft umiddelbart.

**Votering:**

Fleirtal mot

**Ikkje vedtekne**

Redaksjonell fullmakt til AU for språkvask

### **Vedteke**

Innstillingskomiteen v/Pia Lilleskare Lunde, Ingrid Moe Albrigtsen og Ida Austgulen fortalde om arbeidet i komiteen og presenterte innstillinga si i tråd med vedteken dagsorden.

Kandidatane vart presentert enkeltvis.

100% Sogndal Arlene Henneli

100% Bergen Jonas Hui Dahl

100% Bergen Frida Bjørlo Øien

100% Haugesund Tom Lund Andersen

100% Bergen Kjersti Hatlestad

30% Haugesund Bjørn Andre Bekkevold

30% Førde Are Bødal

Komiteen kjem til å skrive rapport på arbeidet, og evaluere intervjuva dei har utført.

## **ST 38/17 – Endring av valreglement**

Øyvind Hatland presenterte saka. Meinte at styret ynskjer at dei trer ikraft med ein gong, for det har innverknad på valet imorgon.

**Forslagnr: 2 Trukket**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 217-222 og 231-236

Forslagsstillar Øyvind Hatland

Opprinnelig tekst: Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. Først skal ein sjekke om det er nokon av kandidatane som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Dersom det ikkje er nokon som når opp til valtalet, skal ein først sjekke om kandidatane er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Vidare er framgangsmåten lik som i §5-2.

Endring: Flytte teksten fra §5-2 (5) til §5-3, eksisterende tekst i §5-3 erstattes med teksten fra dette forslaget

Eventuell ny tekst: Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. Først skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-

2. Etter stryking skal ein sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er framgangsmåten lik som i §5-2.

Grunngjeving : Teksten høyrer hjemme under paragrafen utrekning av valgt til arbeidsutvalget.

**Arbeidsutvalgets innstilling: Realitetsbehandlast ikkje**

**Trukket**

**Forslagnr: 8 Trukket**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 39-67

Forslagsstillar Tom Lund-Andersen, Bjørn-Andre Bekkevold, Andreas Arnesen og Morten Nordvik Hovland

Opprinnelig tekst: §2-1 Samansetjing (1) Valstyret skal vere samansett av sju medlemar. Kvart campus i region Nord og region Sør skal vere representert med ein person og region Midt skal vere representert med to personar blant medlemane. Det skal vere ein representant frå arbeidsutvalet i valstyret. Dette medlemet frå arbeidsutvalet er saksansvarlig. Valstyret veljer sjølv leiar av styret blant medlemane. (2) Innstillingskomitéen skal vere samansett av 4 medlemar, etter følgjande kriterier: 1 relevant ekstern person, 1 person med tidlegare tilknytning til Studenttinget, 1 representant frå eit studentråd og 1 person valt blant de faste representantene i Studenttinget.

§2-2 Ansvarsområder (1) Valstyret har ansvar for å finne kandidatar til val til Studenttinget, arbeidsutvalet til Studenttinget og val der Studenttinget er valforsamling. Valstyret har ansvar for den praktiske gjennomføringa av val, og for utrekning og sikring av val i samråd med kontrollkomiteen.

(2) Innstillingskomitéen har ansvar for å innstille i val til arbeidsutvalet av Studenttinget. Innstillinga skal leggjast fram for Studenttinget med presentasjon av kandidatane og grunngjeving for innstilling på valmøtet.

§2-3 Val (1) Valstyret skal veljast av Studenttinget på det første møtet i vårsemesteret. Dersom medlem av valstyret ynskjer å stille som kandidatar til nokon av dei gjensidig utelukkande verna nemnd i §1-3, må dei trekkje seg frå valstyret innan fristen for å stille til val. (2) Innstillingskomitéen skal veljast av Studenttinget på det fyrste møtet i vårsemesteret. Funksjonstid for vervet er fram til arbeidsutvalet av Studenttinget er valt. Val til innstillingskomiteen er unnateke §1-2 vilkår for kandidatar til val. Dersom medlem av innstillingskomitéen ynskjer å stille som kandidat til arbeidsutvalet i Studenttinget, må dei trekkje seg frå innstillingskomiteen innan fristen for å stille til val

Endring: Stryknings- og endringsforslag

Eventuell ny tekst: §2-1 Sammensetning Valgkomitéen skal være sammensatt av 5 medlemmer, etter følgende kriterier: 1 relevant ekstern person, 1 person med tidligere tilknytning til Studenttinget, 1 representant fra et studentråd, 2 personer valgt blant de faste representantene i Studenttinget. §2-2 Ansvarsområder Valgkomitéen har ansvar for å innstille i valg til arbeidsutvalget av Studenttinget. Innstillingen skal bli lagt frem for Studenttinget med presentasjon av kandidatene og begrunnelse for innstillingen på valgmøtet. Valgkomitéen har ansvar for den praktiske gjennomføringen av valg, og for utregning og sikring av valg i samråd med kontrollkomitéen.

§2-3 Valg Valgkomitéen skal bli valgt av Studenttinget på det første møtet i vårsemesteret. Funksjonstid for vervet er fram til leder av Studenttinget er valgt. Valg til valgkomitéen er unntatt §1-2 for kandidater til valg. Dersom medlem av valgkomitéen ønsker å stille som kandidat til arbeidsutvalget i Studenttinget, må de trekke seg fra valgkomitéen innen fristen for å stille til valg.

Grunngjeving: Vi mener det ikke er hensiktsmessig å ha et valgstyret og en innstillingskomite. Vi mener at en valgkomite skal ha ansvar for å innstille på AU og for gjennomføringen av valget. Det er et tilstrekkelig antall personer til i Studenttinget som kan være med å rekruttere studenter til de ulike vervene. Ved hjelp fra AU og ved egne initiativ er det fullt mulig å engasjere studenter til å bli interessert i studentdemokrati. Vi mener at en egen gruppe som står for rekruttering er overflødig, da denne funksjonen kan gjennomføres av andre organer. Gjennomføringen av valg er noe valgkomiteen, sammen med kontrollkomiteen, er godt stilt til å gjennomføre på en god måte.

**Arbeidsutvalgets innstilling: Vert vedteke**

**Trukket**

**Voteringsorden:**

Starta med forslag 1, dersom den vedteken fell forslag 3 og 4.

**Forslagnr: 1 Vedteke**

Redaksjonelt Ja

Linjenummer 217-222 og 231-236

Forslagsstillar Cecilie Fredheim

Opprinnelig tekst: Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. Først skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-2. Etter stryking skal ein sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er framgangsmåten lik som i §5-2.

Endring: Foreslår å flytte linje 217-222 til å erstatte linje 231-236

Eventuell ny tekst:

Grunngjeving: Ein skrivefeil gjorde at denne teksten havna under §5-2(5) og ikkje under §5-3 slik intensjonen var. Eg foreslår derfor å flytte den til §5-3 og erstatte teksten som allereie står der med denne.

**Arbeidsutvalet si innstilling: Vert vedteke**

**Vedteke**

Då fall forslag 3 og 4 som følgje av det. Forslaga er under.

**Forslagnr: 3 Fall som følgje av at forslag 1 vart stemt inn.**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 217-221

Forslagsstillar Øyvind Hatland

Opprinnelig tekst: Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. Først skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-2. Etter stryking skal ein sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er framgangsmåten lik som i §5-2.

Stryking: Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. Først skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-2. Etter stryking skal ein sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er framgangsmåten lik som i §5-2.

Eventuell ny tekst:

Grunngjeving: Avsnittet strykes i sin helhet siden teksten er ivaretatt i §5-3

**Arbeidsutvalgets innstilling: Vert ikkje vedteke**

**Fall som følgje av at forslag 1 vart stemt inn.**

**Forslagnr: 4 Fall som følgje av at forslag 1 vart stemt inn.**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 230-236

Forslagsstillar Øyvind Hatland

Opprinnelig tekst: §5-3 Utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. Først skal ein sjekke om det er nokon av kandidatane som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Dersom det ikkje er nokon som når opp til valtalet, skal ein først sjekke om kandidatane er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Vidare er framgangsmåten lik som i §5-2.

Strykning: §5-3 Utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget

Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-

2 eit unntak. Først skal ein sjekke om det er nokon av kandidatane som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Dersom det ikkje er nokon som når opp til valtalet, skal ein først sjekke om kandidatane er valføre med tanke på den rangerte lista over ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne, stryk ein denne kandidaten. Vidare er framgangsmåten lik som i §5-2.

Eventuell ny tekst -

Grunngjeving: Teksten strykes i sin helhet da paragrafen er ivaretatt i §5-2 (5) tredje avsnitt

**Arbeidsutvalgets innstilling: Vert ikkje vedteke**

**Fall som følgje av at forslag 1 vart stemt inn.**

**Forslagnr: 5 Vedteke**

Redaksjonelt Nei

Linjenummer 192-196

Forslagsstillar Cecilie Fredheim

Opprinnelig tekst: Først tel ein opp kor mange førstestemmer kvar einskild kandidat har fått. Dersom ein kandidat har fått nok førstestemmer til å nå opp til valtalet, er vedkomande valt. Dersom fleire kandidatar enn det som skal veljast oppnår valtalet, er det den med flest stemmer over valtalet som skal prioriterast. Dersom dette er likt, skal det trekkjast lodd om kven som får plassen.

Strykning: "første" i "førstestemmer"

